



LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Kontakt saksbehandlar

Eli Munkeby Serigstad, 51 56 89 62

Innspel til høyring av endringar i forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket

Me viser til høyring av endringar i forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-forskrifta), publisert 11. november 2024.

Kort status bruk av IBU i Rogaland

Rogaland er eit stort og aktivt husdyrfylke der det ved tildeling av IBU-midlar i fleire tiår har vore ei prioritering av distriktslandbruket framfor sentrale strøk som Jæren. Det har og vore ei sterk prioritering av lausdriftsprosjekt i mjølkeproduksjonen grunna kravet i 2034. I dei seinare åra har miljøomsyn (gjødsellager, resirkulering) og dyrevelferd fått sterkare prioritering.

Det regionale landbrukspartnarskapet, har jamlege møte der status, utviklingstrekk og prioriteringar blir diskutert. Me er av den oppfatning at partnarskapet fungerer godt, og at prioriteringane som blir gjort er i tråd med landbrukspolitiske mål.

Partnarskapet har vore pådrivar for å få kommunane til å mobilisere til utviklings- og investeringsaker, og til å få fram gode søknadar om IBU-midlar. Men det varierer kor mykje arbeid kommunane legg ned i søknadsprosessen. Vi erfarer at dei kommunane som er tett på bøndene og er gode pådrivarar klarer å skape meir optimisme og investeringsvilje enn dei som er meir passive.

Statsforvaltaren i Rogaland sine innspel

Våre innspel følger same oppbygging som høyringsnotatet.

3.1 Tydeleggjing av ulike typar tiltaksområde

3.1.1 Gjeldande rett

Departementet vil tydeleggjere at *utvikling av landbruksbaserte næringar* gjeld andre landbruksbaserte næringar utanom dei tradisjonelle landbruksproduksjonane.



Me oppfordrar departementet til å sikre at bedriftsutvikling i tradisjonelt landbruk ikkje mistar posisjon til å søke på tilskot til utviklingsprosjekt (ikkje investeringstiltak). Til dømes til sortsutval, led-lys og gjødselhandtering.

Departementet vil gjere det meir tydeleg at maksimal støttesats på inntil 50 prosent av kostnadene og inntil 5 millionar kroner per prosjekt, berre gjeld for investeringar i lausdriftsfjøs.

Vi er samde i departementet si vurdering. Det er avgrensa med IBU-midlar, og det er nødvendig å prioritere. Omlegging til lausdrift er sterkt prioritert i Rogaland.

Me er og samde med departementet i at tilskot til kjøp av tenester til forstudie/ressurskartlegging i forkant av investeringar i produksjonsanlegg gjeld berre prosjekt innan tradisjonelt landbruk. Det er viktig at tildelingane speglar kompleksiteten i tiltaka for å få best mogleg nytte av midlane.

3.2 Forenklingar i bestemningar om tilskotsutmåling

Departementet vurderer at omgrepet *godkjent kostnadsoverslag* ikkje er dekkande, og vil endre dette til *godkjent kostnadsgrunnlag*. Endringa vil føre til betre harmoni i bruken av omgrep på tvers av ulike ordningar ved støtteutmåling hos IN.

Me har ingen merknader til dette.

3.3 Oppdatering av bestemningar om regionalt partnerskap

I forskrifta blir det vist til at det kan gis tilskot innanfor rammer fastsett i jordbruksoppgjeret, statsbudsjettet og regionale bygdeutviklingsprogram. Departementet foreslår å fjerne omgrepet *bygdeutviklingsprogram*, og det blir vist til at det etter regionreforma 2020 blei opp til fylkeskommunen å vurdere om landbruksområdet skulle ha eigne regionale næringsstrategiar, eller om landbruksområdet skulle integrerast i andre regionale plandokument. Departementet foreslår ikkje kven som skal vere med i partnerskapet.

Me er samde i at omgrepet bygdeutviklingsprogram blir tatt ut da det er utdatert. Vi vil samstundes poengtere at dette eit program som famna alle ordningane i landbruket. Det er stort sprik i korleis fylka løyser planar og strategiar på landbruksområdet, og kva for ein posisjon landbruket får på regionalt, politisk nivå.

3.4 Investering i frukt og bær dyrking

Den særskilte bestemminga om tilskot til gjenplanting etter frostskeidar i fruktfelt i 2020/2021 har det etter departementet si vurdering truleg ikkje vore behov for denne ordninga for å imøtekome saker på dette området. Det blir føreslått å fjerne ordninga.

Me støttar dette.

3.5 Forenkling i bestemming om igangsetting av eit prosjekt

Etter gjeldende forskrift kan det ikke gis tilskudd til tiltak som «(...) er påbegynt før søknad om tilskudd er avgjort». Begrunnelsen for regelen er å sikre at den offentlige støtten skal være utløsende for prosjekter



som ikke ellers ville skjedd, skjedd i et mindre omfang eller skjedd på en mindre samfunnsgunstig måte (det såkalte insentivkravet).

Departementet viser til fleire klagesaker dei siste åra der det er gitt dispensasjon til innkjøp av frukttrær på grunn av lang bestillingstid, og til igangsetting av tiltak for å imøtekomme krav om god dyrevelferd innan vinteren.

Innovasjon Norge viser til at det er ulike reglar for når prosjekt kan setjast i gang. Innovasjon Norge ønsker lik behandling, og å harmonisere IBU-ordninga med andre tilskots- og låneordningar.

Departementet føreslår å endre ordlyden i § 3 andre ledd frå «avgjort» til «sendt».

Me meiner at endringa gir klare fordelar for både søkar. Søkar kan spare tid og kan gjere tiltak i rett tid. Men, me trur at ordninga kan bli vanskeleg å handtere og kontrollere. Det vil vere krevjande å nå ut til søkarane med informasjon om kva for tiltak som kan setjast i gang, og det kan vere fare for mistolking/overtolking av informasjon. Søkar kan kome til å hevde at hen handla i god tru. Risikoen for at søkar får avslag på grunn av «igangsett for tidleg» er til stades, og den økonomiske risikoen ber søkar.

Me trur at Innovasjon Norge vil få fleire saker der det oppstår problem på grunn av for mange tiltak er påbegynt, eller for mykje arbeid (omfang) er utført før vedtakstidspunkt, og peikar på behov for å sikre likebehandling av søkarane.

3.6 Kommunen si rolle i IBU-midlane

Det er Innovasjon Norge som er vedtaksmynde og innvilgar tilskot etter forskrifta. Kommunen si rolle er i dag i hovudsak å bidra til at søknaden er godt opplyst, samt kontrollere at føresetnadene for tilskot er til stades.

Departementet føreslår at kommunen ikkje lengre skal ha formell rolle ved behandling av søknader eller kontroll etter forskrifta, eller ved sluttrapportering. Departementet meiner det vil gi ein meir tydeleg rolleavklaring mot søkar, ei forenkling av saksbehandlinga, og for kommunen mindre ressursbruk på saksbehandling.

Kommunen har ei viktig rolle i å vurdere og kontrollere at opplysningar i søknader er korrekte, og at omsøkt tiltak er i tråd med gjeldande regelverk. Dette gjeld ikkje berre Plan- og bygningslov, men og krav som gjeld drift i landbruket, til dømes spreieareal, lager for gjødsel, hald av dyr og beitekrav.

Me har mottatt informasjon om at ikkje alle kommunar får tilsendt prosjektrapport og sluttrekneskap frå Innovasjon Norge, og har derfor heller ikkje anledning til å vurdere desse. Det er heller ikkje vanleg praksis at kommunen saman med Innovasjon Norge er på synfaring hos bonden. Det blir og peika på at søknadsskjemaet har potensiale til å bli betre. Dette kan jo tyde på at oppfatninga av at kommunane si rolle ikkje er avgjerande viktig for kvaliteten på søknadane har blitt påverka negativt av strukturelle faktorar.

Vanleg praksis er at bonden ventar på svar frå Innovasjon Norge før hen søker om byggeløyve i kommunen. Dette for å unngå unødig ressursbruk og kostnader med gebyr til kommunen viss søknad om midlar blir avslått. Korleis kan og bør kommunane varsle Innovasjon Norge om forhold dei bør vere kjend med viss kommunane ikkje veit at bonden har søkt om IBU-midlar?



Me erfarer at saksbehandlingstida kan bli unødig lang i dei tilfella der saka stoppar opp i kommunen, og det er ein del dobbeltarbeid ved utsjekk av dokumentasjon. Ved foreslått endring, vil det bli enklare for søkar, men det kan hende at Innovasjon Norge får meir å gjere.

Innovasjon Norge returnerer ikkje mange saker, og gir heller ikkje mange avslag. Det skuldast nok at kommunane er i dialog med, og har god oppfølging av søkar, i forkant av og under planleggingsprosessen. Kommunane har slikt sett ei rolle som avhjelper Innovasjon Norge, og som kan bidra til at umodne søknader ikkje blir sendt inn.

Viss endringa blir innført, er det særst viktig at det blir innført gode prosedyrar i kommunen ved søknad om tiltak for riving/bygging slik at landbruksforvaltninga blir tidleg involvert. I dag er det stor forskjell mellom kommunar korleis dei løysar dette, og kor omfattande dei gjer vurderingane. Risikoen for at søkar gis støtte til eit tiltak som ikkje er godt nok planlagt, vurdert og kontrollert, er til stades. Det er søkar som ber risikoen.

Me meiner at den føreslegne endringa ikkje vil gagne søkar. Søkar kan lett misoppfatte at dei kan gå i gang med tiltak når søknaden er send, og ikkje ta nødvendige avklaringar med kommunen. Ved å ha tydeleg kopling til kommunen kan slike tilfelle bli avverja. Det er sjølvstøtt søkjar sitt ansvar å ha nødvendige tillatingar på plass før hen set i gang, men vi har erfaring frå andre saksområde at det lett oppstår misforståingar.

Det er uheldig at landbruksforvaltninga i kommunen blir koplå i frå denne delen av utviklingsarbeidet. Noko av suksessen for dei kommunane som lukkast med optimisme, pågangsmot og investeringslyst, er at landbruksforvaltninga er i nær dialog med bonden og følger hen i alle fasar av utviklingsløpet fram mot investering.

3.7 Forenkling i handtering av klager

Ein av fordelane med klagenemnd er at sakene kan bli «prøvd i systemet» for å undersøke om intensjonen med finansieringsordninga blir oppfylt, eller at regelverket fører til uønskt utvikling eller avgrensing. Ulempa med klagenemnd er mellom anna at det er gir lang saksbehandlingstid for søkar og er ressurskrevjande.

Organisasjonane i jordbruket har vist til at klagenemnda gir dem innsikt i enkeltsaker og dermed god bakgrunn for å drøfte generelle problemstillingar knytt til tilskotsforvaltninga.

Me meiner at slike problemstillingar bør kunne fangast opp og drøftast i andre fora der organisasjonane møter Innovasjon Norge og styresmaktene enn gjennom ei eiga klagenemnd.

Me trur Innovasjon Norge vil få inn fleire søknader som er for dårleg belyste på grunn av manglande kvalitetssikring i kommunane. Følgjeleg vil fleire søknader måtte returnerast eller gis avslag noko som kan føre til at tal klager aukar.

Me støtter departementet sitt forslag om å avvikle klagenemnda, men ønskjer at det skal vere ein form for klagebehandling.

Av løysingsforslaga støttar me alternativ 1 der det innførast ein regel om intern behandling av klagar til Innovasjon Norge. Innovasjon Norge har lang erfaring med bruk av modellen for krav til saks- og



klagebehandling ved behandling av lån og garantiar i finansavtalelova og har innarbeida gode rutinar for klagebehandling. Me trur at denne modellen vil fungere også for IBU-saker og vil ivareta rettferdig vurdering av søknadane og likebehandling av søkerane.

Andre kommentarar

Me vil i tillegg til innspela til høyringa kome med nokre kommentarar til endringane som blei vedtatt av jordbruksoppgjeret 2024.

2.1. Harmonisering av støtteutmåling for mindre tilskot med Innovasjon Norges andre støtteordningar til oppstartsprosjekt

Me støttar departementet sine vurdering om å harmonisere «*tilskot til etablering av ny verksemd og til bedriftsutvikling*» med eksisterande oppstartstilskot 1 og 2 (tilskot til marknadsavklaring og oppstart) hos Innovasjon Norge. Departementet skriv at søknader på dette området gjeld andre landbruksbaserte næringar, til dømes utvikling (myke kostnader, ikkje investeringar) av ysteri og Inn på tunet-tenester.

2.2 Avvikling av ekstra tilskot til tre som byggemateriale

Dei aller fleste investeringstiltaka i vårt fylke gjeld bygging av mjølkefjøs med betong og stål som berekonstruksjon, og da har det vore eit veldig godt tiltak med ekstra midlar til bruk av tre for å stimulere til meir berekraftig ressursbruk.

Me meiner at avvikling av denne ordninga vil føre til at fleire vel betong og stål framfor tre, og at det vil slå negativt ut i eit berekraftsperspektiv og i klimarekneskapet. Det har også vist seg at bygningar av tre er positivt for dyrevelferd.

Innovasjon Norge kan kompensere for avviklinga av ordninga ved å innføre høgare utmåling for dei tiltaka som brukar tre i hovudkonstruksjonen, men det vil ikkje ha same effekt. Å ha ein særregel for bruk av tre bidrar til skape ekstra merksemd rundt berekraftige løysingar.

2.3 Lik støtteutmåling for menn og kvinner ved tilskot til generasjonsskifte

Me er samde i at menn og kvinner blir likestilte ved tildeling av tilskot til generasjonsskifte, og at maksimalsatsen i slike saker blir auka til 70 prosent. Målet må vere å få flest mogleg unge til å ta over, uavhengig av kjønn. Me trur at det vil gjere det enklare for unge å ta over gardsbruk og at fleire får anledning til å ta investeringar for å få ein lettare kvardag. For å få mest mogleg ut av midlane, er det viktig at Innovasjon Norge gjer gode vurderingar opp mot type tiltak, søkar sin økonomiske situasjon og geografi, og på den måten sikrar målretta bruk av midlane.

2.4 Forenklingar i føringar for investeringar i gjødsellager mv.

Type gjødsellager, storleik, med og utan toppdekke og andre tekniske løysingar vil variere mykje blant gardsbruka. Me er einige i at regelverket på dette området bør bli forenkla og at det er opp til



Innovasjon Norge å vurdere kva for ei løysing som er best for føretaket og kor stor støtteutmålinga skal bli.

Kommunen må i løpet av søknadsprosessen sikre god vurdering av volumberekning, utforming, plassering og at PBL-krav er innfridd.

Kommunane har ulik praksis på ferdiggodkjenning av tiltaket, og Innovasjon Norge følgjer ikkje opp dette ute i felt. Det har dei i dag ikkje kapasitet til. Praksisen til Innovasjon Norge har vore å krevje godkjenning frå kommunen før sluttutbetaling. Det må innarbeidast rutinar for ein fullverdig ferdiggodkjenning frå kommunen der alle krav til rekkverk, avløp, kummar og så vidare blir kontrollert på staden.

Med helsing

Bent Høie (e.f.)
statsforvalter

Monica Dahlmo
landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent